

Evaluering, 167, hausten 2012

Faglærars vurdering av

Gjennomføring

Dette kurset er tredelt i innhald, ein metodedel, ein etikkdel og ein (kort) opphavsrettsdel. Metodedelen har førelesingar og ein god porsjon gjesteføresarar. Etikkdelen er også førelesingsbasert, men med eit internt PFU-møte som viktig ingrediens, der studentane behandlar heilt ferske PFU-saker. Opphavsrettsdelen bestod av to førelesingar av ein gjest utanifrå (jurist/filmprodusent).

Eksamen består av ei refleksjonsoppgåve (knytt til etikkdelen) og ein tredagars heimeeksamen (knytt til metodedelen). Eksamensresultata må seiast å ha vore tilfredsstillande.

Deltakinga på det interne PFU-møtet er obligatorisk og ein nødvendig føresetnad for å kunna ta eksamen og såleis gjennomføra kurset. Informasjon om nett dette synest aldri å kunna bli god nok.

Rammevilkåra

Lokala og undervisningsutstyret til dette kurset var heilt greie.

Samla vurdering

På den eine sida fungerer kvar enkelt del av kurset fint. På den andre er det vanskeleg å laga det til eitt kurs, altså eit kurs der dei enkelte delane heng saman som ein naturleg heilskap. Det er også vanskeleg å laga det til eit kurs som gir meining for alle dei tre studentgruppene som skal ta det.

Det er ikkje lett å sjå korleis denne utfordringa kan løysast innanfor noverande måte å handtera programma på.

Lars Arve Røssland
21.1. 2013